

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Møterom Ulriken, Møllendalsbakken 9, Bergen

MØTETIDSPUNKT: 12.12.2018, kl. 17:30 – 19:45

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Marit Jacobsen	Medlem
Ragnhild Winum	1. varamedlem

FORFALL FRÅ STYRET

Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerende direktør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Ola Rye	Økonomidirektør
Ørjan Lundgren	Kommunikasjonsleiar
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

SAKLISTE

Sak	038/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak	039/18	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 03.10.2018
Sak	040/18	Administrerande direktør si orientering
Sak	041/18	Årleg melding 2018 Sjukehusapoteka Vest HF

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 047/18 Eventuelt

Lukka del

Sak 042/18 , 043/18 og 044/18, 045/18 og 046/18 blir handsama i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 042/18	Verksemdsrapport per november 2018 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 043/18	Årsbudsjett 2019 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 044/18	Fagplanar i SAV 2019-22 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 045/18	Oppfølging av Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 046/18	Styret si eigenevaluering og evaluering av AD 2018 (u. off. jf. Offentleglova §23.1) Vedlegg 9 er u.off. Saksutgreiinga er off.	Vedlagt

Styret sitt kvarter.

OPE DEL

Sak 038/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar deltok på videosamband frå Sjukehusapoteket i Stavanger.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

Sak 039/18 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 03.10.2018

Oppsummering

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 03.10.2018.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 03.10.2018.

Sak 040/18 Administrerande direktør si orientering

1. Legemiddeløkonomi
2. Pilotprosjekt Stavanger: «Tilberedning på post»
3. Sjukehusapotek Haraldsplass
4. Forundersøking Riksrevisjon (om beredskap)
5. Internrevisjon (HV) leing og kvalitetsforbetring
6. Kundeundersøking publikumsavdelinga.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek meldingane til orientering.

Sak 041/18 Årleg melding 2018

Oppsummering

Årleg melding 2018 er Sjukehusapoteka Vest HF (SAV) sin rapport på oppfølging av dei mål og eigarkrav som framgår av «Styringsdokumentet 2018». Oppsummert er biletet at vi leverer bra på dei vedtekne hovudområde og helsefaglege styringskrav som er fastsatt for 2018.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek Årleg melding 2018 Sjukehusapoteka Vest HF som SAV sin rapport til Helse Vest på oppdragsdokument 2018.

LUKKA DEL

Lukka del vart handsama i 18.20 – 19.30

Møte blei lukka etter Helseføretakslova §26a, 2.ledd nr 4.

Sak 042/18 Versemdsrapport per november 2018**Oppsummering**

Rapporten vart gjennomgått med merknad om at for områda organisasjon og økonomi gjeld rapportering for oktober. Andre områder gjeld for november.

Vedtak (samrøystes)

Styret har handsama rapport frå verksemda per oktober og november 2018, med eit økonomisk resultat på kroner 2,6 mill. betre enn budsjettert.

Sak 043/18 Budsjett 2019**Oppsummering**

Det er nytta same modell for budsjett og budsjettprosess 2019 som tidlegare år. Budsjettert resultat for 2019 er 7 mill. og i samsvar med resultatkrav frå eigar. Budsjettet er pris- og lønsjustert i samsvar med føringar frå eigar samt at venta endringar i avansemodell for varesalet er teke omsyn til.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek Budsjett 2019 for Sjukehusapoteka Vest HF.

Sak 044/18 Fagplanar i Sav 2019-22**Oppsummering**

Det er utarbeidd fagplanar for dei fire verksemdsområda i SAV. Planane er utarbeidd av fagsjefar, med støtte frå faggruppene. Planane skal vere bindeledd mellom strategi og aksjonsplanar, og skal vere eit sentralt plangrunnlag for årleg budsjettering/langtidsbudsjett.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek fagplanane til orientering.

Sak 046/18 Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten**Oppsummering**

Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten legg til grunn at verksemdar som vert regulert av forskrifta skal ha system som sikrar systematisk styring av aktivitetar og medverknad frå medarbeidarar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek SAV sin oppfølging av Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten til orientering.

Sak 046/18 Styret si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør 2018**Oppsummering**

Der er eit krav i protokoll frå føretaksmøte at styret i Sjukehusapoteka Vest HF evaluerer eiga verksemd årleg. Oppsummeringa av evalueringa skal vidareformidlast til eigar, som igjen vidareformidlar til Helse- og omsorgsdepartementet. Dette kravet er og formidla gjennom rettleiaren for styrearbeid i Helse Vest.

Vedtak (samrøystes)

- 1. Styret si eigenevaluering, og evaluering av administrerande direktør, er gjennomført i Sjukehusapoteka Vest HF i november 2018 som elektronisk spørjeundersøking etter mal frå Helse Vest RHF.*
- 2. Styringsmål for administrerande direktør i 2019 vert følgt opp av styreleiar.*

Sak 047/18 Eventuelt**Oppsummering**

Ingen saker vart teken opp.

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Marit Jacobsen	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem (sett)
Ragnhild Winum	1. Varamedlem

Grethe Bjørndal
referent
12.12.2018